

---

**Saksnr:** 2020/58773-1**Saksbehandlar:** Simen Lagesen Krogstie

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.09.2020

## Ung Kultur Møtest – fylkesfestival 2021

Forslag til vedtak

1. Det vert arrangert to fylkesfestivalar i Ung Kultur Møtest (UKM) i Vestland i 2021, éin med deltakarar hovudsakeleg frå tidlegare Hordaland, og éin for deltakarar hovudsakeleg frå tidlegare Sogn og Fjordane.
2. Fylkesfestivalane skal arrangerast der dei var planlagde i 2020, på Voss og i Måløy, dersom ikkje praktiske eller økonomiske omsyn talar mot det.

Samandrag

Fylkesfestivalane UKM 2020 i Vestland var planlagt avvikla på Voss og i Måløy. Ein valde to festivalar i staden for éin samla for Vestland for å unngå for stort arrangement og lang reiseveg for dei som skulle delta, ungdom mellom 13 og 20. Dei same argumenta er gjeldande for festivalen i 2021. Grunna koronapandemien vart fylkesfestivalane i 2020 avlyste. Dei lokale arrangørane og underleverandørar fekk dermed ikkje sjå resultat av planleggingsarbeidet, og dei tapte inntekter. Det vil vere aktuelt å søkje å gjennomføre festivalane på dei same stadene i 2021 for å nytte ut grunnlagsarbeidet som er gjort og for å søkje å kompensere for manglande resultat i 2020.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Siri Ingvaldsen  
seksjonsleiarr

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ung Kultur Møtest (UKM) er ein festival der ungdom mellom 13 og 20 år kan delta med ulike slags kulturuttrykk, som musikk, dans, biletkunst, skulptur, dataspel eller anna. Dei kan også delta som konferansier, arrangør, fotograf eller nettredaktør. Kommunane vel ut deltakarar som representerer dei på fylkesfestivalen, og på fylkesfestivalen vel ein ut deltakarar til den nasjonale festivalen. Vestland fylkeskommune har ansvar for arbeidet med UKM på regionalt nivå og for gjennomføringa av UKM-festivalen for Vestland.

Fylkesfestivalane i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane samla ca. 250 deltakarar kvar. Samla ville arrangementet dermed verte omfattande, med kring 500 deltakarar.

Spørsmålet om det skulle vere éin eller to fylkesfestivar i Vestland vart teke opp på samlingar med kommunekontaktane for UKM før fylkessamanslåinga. Eit fleirtal av kommunekontaktane ynskte to festivalar. Grunngevinga var at arrangementet ikkje bør vere for stort for denne aldersgruppa, og at ein bør avgrense reisevegen til arrangementet. Eitt stort arrangement ville dessutan krevje fleire dagar til gjennomføringa, ein ville ikkje greie seg med ei helg. Deltakarane ville dermed i større grad måtte ha fri frå skulen eller arbeid. Tilsvarande vart spørsmålet om éin eller to festivalar retta til kommunekontaktane i epost våren 2020. Det kom ikkje så mange tilbakemeldingar, men majoriteten av dei som svarte, ynskte to festivalar.

UKM fylkesfestivalar 2020 var planlagde til Voss og Måløy. Begge fylkesfestivalane vart avlyste av smittevernomsyn. Fylkeskommunen betalte ut godtgjersle og honorar for gjennomført planleggingsarbeid og kontraktfesta avtalar, jf. føringar i FU-sak 43/2020 *Fylkeskommunale tilskot til idretts-, kunst og kulturlivet i Vestland - konsekvensar av koronautbrot*. Lokale arrangørar og underleverandørar fekk likevel eit inntektstap når arrangementa ikkje vart gjennomførte.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Fordelen med å arrangere to fylkesfestivalar UKM i Vestland er at arrangementa vert mindre omfattande og at det ikkje vert altfor langt å reise for dei som skal delta. Ulempa er at ein med to festivalar ikkje i same grad byggjer identitet for UKM i eit samla Vestland fylke. Fylkesdirektøren tilrår likevel to festivalar, særleg sidan mange vil få lang reiseveg sjølv om denne løysinga vert vald. Ein bør søkje å knyte dei to festivalane saman på ulike måtar slik at dei begge klart framstår som UKM-arrangement i regi av Vestland fylkeskommune.

For å sikre tilstrekkeleg oppslutning om dei to festivalane, bør deltakarar frå tidlegare Sogn og Fjordane i hovudsak delta i Måløy, mens deltakarar frå tidlegare Hordaland deltek på Voss.

Avlysinga av festivalane i 2020 gjorde at lokale arrangørar i Voss og Måløy ikkje fekk dei positive ringverknadene eit slikt arrangement fører med seg. Mykje planleggingsarbeid er dessutan allereie gjort knytt til desse lokalitetane. Det vil difor vere naturleg å leggje fylkesfestivalane til Voss og Måløy i 2021 om det ikkje er praktiske eller økonomiske omsyn som taler mot det.

**Økonomi:** Løyving til regionalt arbeid med UKM ligg i budsjettet for avdeling for kultur, idrett og inkludering.

**Klima:** Det må vere eit mål i UKM-arbeidet å velje miljøvenlege løysingar der det er mogleg.

**Folkehelse:** Kultur bidreg til betre folkehelse.

**Regional planstrategi:** UKM er integrert i dei regionale kulturplanane for Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune, og vil vere del av tema kultur i utviklingsplan for Vestland.

#### Konklusjon

For å unngå eit for stort arrangement og lang reiseveg for deltakarane tilrår fylkesdirektøren å arrangere to fylkesfestivalar UKM i 2021. Festivalane bør gjennomførast der dei var planlagde i 2020, på Voss og i Måløy, om det er praktisk og økonomisk gjennomførbart. Deltakarar frå tidlegare Sogn og Fjordane vil i hovudsak delta i Måløy, mens deltakarar frå tidlegare Hordaland deltek på Voss.